

Retningslinjer for tilsetjing der det er to eller fleire tilsette til ei stilling -

(Gjeld ikkje for leiarstillingar)

	Handling/tiltak	Ansvar
1	<p>Funksjonsbeskriving av eksisterande stillingar (innhald, ansvar og krav til kompetanse) i Fusa og Os.</p> <p>Med kompetanse meiner vi <i>dei samla kunnskapar, ferdigheiter, evner og haldningar som gjer det mogleg å utføra aktuelle oppgåver, i tråd med definerte krav og mål.</i></p>	Rådmann
2	Ny org.struktur i Bjørnafjorden kommune godkjent.	Rådmann
3	<p>Funksjonsbeskriving av dei nye stillingane (innhald, ansvar og krav til kompetanse) i Bjørnafjorden kommune.</p> <p>Med kompetanse meiner vi <i>dei samla kunnskapar, ferdigheiter, evner og haldningar som gjer det mogleg å utføra aktuelle oppgåver, i tråd med definerte krav og mål.</i></p>	Rådmann Kommunalsjefane
4	<p>Vurdera om nokon har «rettskrav» på stilling i ny kommune. Dersom ei stilling i den nye kommunen medfører vesentleg grad av vidareføring av ei nedlagt/bortfalt stilling, vil ikkje arbeidsgjevar stå fritt til å byta ut vedkomande med ein ny. Spørsmålet er om nokon i dei to kommunane har rettskrav på tilsvarande stilling i den nye kommunen. Dette må vurderast konkret i forhold til innhaldet i stillinga før og etter samanslåinga.</p>	Rådmann Kommunalsjefane
5	Dersom nokon har «rettskrav», må det gjennomførast samtale og ho/han som har «rettskrav» må få tilbod om stilling.	Rådmann Kommunalsjefane
6	Samtaler med dei som ikkje har «rettskrav» på stilling. Kartlegga ønske og kompetanse.	Kommunalsjefane Næraste leiar
7	<p>Kriterium for utveljing: (dersom ingen har rettskrav)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kvalifikasjonar - teoretisk og praktisk utdanning samt skikkethet for stillinga, jf Hovudtariffavtalen kap 1, § 2, pkt 2.2) • Tenestetid i Fusa kommune/Os kommune 	
8	Gi tilbod om ny stilling.	Kommunalsjefane Næraste leiar

9	Gjennomføra samtaler med dei som ikkje får den stillinga dei ønskjer. (Det er svært viktig at dette blir gode samtaler, og det må det utarbeidast ein eigen mal for desse samtalene. Kandidaten kan ha med seg tillitvald.)	Kommunalsjefane Næraste leiar
10	Gi tilbod om ny stilling (anna passende arbeid).	Kommunalsjefane

Vedlegg:

- Mal for samtale

Deltakarar i samtalene:

- Overordna leiar (t.d. kommunalsjef ved tilsetjing av einingsleiarar)
- Personalsjef/-rådgjevar (referent)
- To tillitsvalde (ein frå Fusa og ein frå Os)

Kandidaten får skriftleg invitasjon til samtalen med informasjon om prosessen og kriterium for utveljing.